

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 09.11.2015

Sveinung Valle (A) sette på vegner av A, KrF, H og FrP fram slikt forslag:

«Administrasjonsutvalet ønskjer ikkje å gjera realitetsvedtak i saka om dimensjonering av studiespesialiserande så tidleg i den politiske handsaminga av saka.»

Kari Løkensgård Bjørnsvik (Unio) sette fram slikt forslag:

«Det bør setjast av midlar til kompetanseutvikling for lærarar, som ein del av omstillingsprosessen knytt til studiespesialisering i Bergen».

Forslaget frå Kari Løkensgård Bjørnsvik vart omgjort til eit oversendingsforslag på vegner av A, KrF, H, FrP, LO-K, YS-K, Unio og Akademikerne.

Røysting

Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Bjørnsvik sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Innstilling

Administrasjonsutvalet ønskjer ikkje å gjera realitetsvedtak i saka om dimensjonering av studiespesialiserande så tidleg i den politiske handsaminga av saka.